

Kort omtale av prosjekt som er tildelt såkornmidlar i 2017

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest.

Fyll inn i dei lyse felte. Skjemaet utvidar seg, der du treng meir plass til å skrive.	
Prosjektnamn	
Delirium i sjukehus – eit prosjekt for auka pasienttryggleik	
Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)	
Helse Bergen: Hjarateavdelinga i samarbeid med FOU-avdelinga.	
Prosjektleiari (kontaktperson)	
Namn: Tone M Norekvål, Hjarateavdelinga/FOU-avdelinga, Helse Bergen E-postadresse: tone.norekval@helse-bergen.no	
Kva problem er det prosjektet skal forsøke å løyse?	
Delirium er ein komplikasjon ved medisinsk behandling og etter kirurgiske prosedyrer, spesielt for eldre pasientar. Tilstanden medfører betydeleg meirbelastning for pasienten, auka antal liggedøgn i sjukehus, og kognitiv og fysisk reduksjon som genererer behov for vidare oppfølging på institusjon. Det er vist å vere samheng mellom delirium, antal reinnleggingar i sjukehus og dødelegheit. Ved å estimere deliriumsrisiko er det antydning at det er mogeleg å redusere utvikling av delirium betydeleg, noko som er vist å vere kostnadseffektivt. Ei screening for delirium ved kvart behandlingsskritt vil tidleg kunne identifisere eit delirium, og forebyggjande strategiar kan iverksetjast.	
Mål for prosjektet	
Formålet med dette prosjektet er derfor å kartlegge omfanget av delirium i fleire pasientgrupper, og sette iverk tiltak for å redusere forekomsten.	
Korleis skal du måle om endringa du skal gjennomføre i prosjektet er ei forbetring?	
Ei screening for delirium ved kvart behandlingsskritt vil tidleg kunne identifisere eit delirium, og forebyggjande strategiar kan iverksetjast. Det vert planlagt følgeforskning for å meir detaljert å evaluere effekten av iverksatte tiltak på fleire nivå.	
Planlagt bruk av resultat i eiga eining	
Prosjektet skal auke bevisstheita rundt delirium, og resultat frå prosjektet vil bli presentert ved internundervisning og morgonmøter. Resultat frå implementerte tiltak vil motivere til vidare fokus på delirium, noe som vil gi pasientane et betre behandlingstilbod og styrke pasienttryggleiken.	
Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen	
Prosjektet er i tråd med pasienttryggleikstenkinga ved at ein søker å kartlegge og førebygge ein tilstand som har uheldige konsekvensar for pasientane. Ein ser for seg at prosjektet kan utvikle tiltak som kan iverksetjast på regionalt plan dersom evalueringa lokalt er god. Ein har ambisjonar om at prosjektet også kan ha nasjonale ringverknader knytt til pasienttryggleik.	
Oppstarttidspunkt	Sluttidspunkt
September 2017	Februar 2019

